

Stavkyrkjer i Sogn

Det er totalt 19 stavkyrkjer i Noreg.
Fem av desse ligg her i Sogn.
I tillegg har vi her i Balestrand ei frå 1897 som er ei etterlikning

Balestrand: St Olav's Church

St Olav's Church («engelskkyrkja») som ligg berre nokre meter frå Kviknes Hotel er ei etterlikning av stavkyrkjene. Balestrand var ein populær stad for engelske turistar utover 1800-talet. Margaret Green Kvikne, kona til Knut Kvikne, var frå England, og like før ho døydde av tuberkulose i 1894 fortalde ho mannen sin at ho hadde ein draum om å byggje ei engelsk kyrkje i Balestrand, noko Knut sørge for. Kyrkja stod ferdig 3 år seinare, i 1897. Kyrkja ligg under biskopen av Gibraltar, og her er det gudstenester med engelske prestar i sommarmånadane. Dei bur på Kviknes Hotel. Kyrkja blir driven av gåver frå turistane. Knut var bror til oldefar til den generasjonen som i dag driv Kviknes Hotel.

Etterlikning frå 1897



Vik: Hopperstad stavkyrkje

Stad:

- Vik i Sogn, rett over fjorden for Balestrand.
- 31 km ein veg frå Balestrand + ferje ca 20 minutt.

Frå ca 1130

Hopperstad stavkyrkje blir rekna for å vere ei av dei eldste stavkyrkjene våre, og står i dag ganske uendra sidan 1600-talet.

Fortidsminneforeininga kjøpte kyrkja i 1880 for 600 kroner, og vart restaurert i åra 1885-1891.

Uendra sidan 1600-talet



Kaupanger: Kaupanger stavkyrkje

Stad:

- Kaupanger
- 56 km ein veg frå Balestrand + ferje ca 8 minutt.

Frå siste halvdel av 1100-talet. Preikestolen, altertavla og døypefonten er frå 1600-talet. Kong Sverre satte fyr på Kaupangen (som tyder kjøpstad) i 1184, og kyrkja vart bygd opp att. Kyrkja vart utvida i perioden 1200-1350, ombygd i 1862 og restaurert i åra 1959 – 1965.

Kaupanger stavkyrkje er den lengste stavkyrkja i Noreg, og den største stavkyrkja i Sogn. Kaupanger stavkyrkje er i vanleg bruk som soknekyrkje. Bygget tilhøyrer soknet, medan Fortidsminneforeininga forvaltar kyrkja som turistmål.



Den største og i vanleg bruk

Luster: Urnes stavkyrkje

Stad:

- Garden Ornes i Luster
- 66 km ein veg + 1 ferje ca 8 minutt + 1 ferje ca 20 minutt.

Frå ca 1130. Dateringa er usikker, og kyrkja er rekna for å vere den eldste eksisterande stavkyrkja i Noreg. To C14-dateringar av treverk i 1974 ga alderen til år 965 pluss minus 75 år og år 850 pluss minus 75 år. Den eldste tømmerstokken i kyrkja byrja vekse i år 765. Preikestolen er frå 1693-1695, dåpsfatet frå 1640 og altertavla frå 1699. Kyrkja blei i 1979 teken med på UNESCOs verdsarvliste som ein av dei første norske oppføringane. Fortidsminneforeininga overtok kyrkja i 1881.



Den eldste

Lærdal: Borgund stavkyrkje

Stad:

- Borgund i Lærdal
- 100 km ein veg + 1 ferje ca 8 minutt + 1 ferje ca 15 minutt

Frå ca 1180. Kyrkja er ei langkyrkje på grunnstokkar, og midtrommet er bore av fire hjørnestavar. Ho er rekna for å vere den best bevarde av våre stavkyrkjer frå middelalderen. Preikestolen er frå 1550-1570, og altertavla frå rundt 1650.



Den best bevarde